



VINDAFJORD KOMMUNE

Møteprotokoll

Utval:	Ungdomsråd
Møtestad:	Rådhuset
Dato:	19.03.2026
Tid:	Kl. 16:00 - 18:30

Følgande medlemmer møtte Parti

Astrid Håvarstein Lothe
Georg Matre Helgevold
Jostein Solheim
Marie Skogen
Ole Byrkja Hystad
Oscar Sawicki
Silje Kathrine Økland

Møtenotater:

Kunngjering av møtet på kommunen si heimeside

Innkalling med saksdokument vart sendt til medlemmene 10.03.26.

Sidan dette var det første ungdomsrådet for denne perioden, var og alle varamedlemmene kalla inn. Dei var då 7 faste medlemmer og 2 varamedlemmer, Linnea B. Knudsen og Martin L. Eikjeland. Aleksander Brekke og Leonardo Langeland, som og er varamedlemmer, kunne ikkje møta. Dei 2 varamedlemmene hadde ikkje rett til votering i dei politiske sakene som blei handsama.

Det blei gitt opplæring i møtet.

Sak 004/26 - Vindafjord ungdomsråd - Val av leiar og nestleiar for 2026, blei flytta øverst på sakslista.

Møte vart leia av leiar Astrid Håvarstein Lothe og pol. sekretær Anne Mette Klungland.

Frå administrasjonen:

Halfdan Krohn-Brekke, kommunedirektør
Anne Sofie Sandvik, planleggjar
Åse Markhus Berge, rådgjevar oppvekst
Anne Mette Klungland, politisk sekretær

Ordførar Ole Johan Vierdal
Nestleiar i OPOM, Arild Austrheim

Ingen merkandar til innkalling og saksliste.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Godkjenning av møteprotokoll
002/26	Referatsaker
003/26	Orienteringssaker
004/26	Vindafjord ungdomsråd - Val av leiar og nestleiar for 2026
005/26	Tilstandsrapport barnehage og skule 2025
006/26	Vindafjord ungdomsråd - Møteplan 2026
007/26	Vindafjord ungdomsråd - Årsmelding 2025

001/26 Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen frå forrige møte vert godkjent som han ligg føre.

19.03.2026 Ungdomsråd

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt med 7 stemmer.

VUR - 001/26 Vedtak:

Møteprotokollen frå forrige møte vert godkjent som han ligg føre.

002/26 Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Skriva og meldingane vert tekne til orientering.

19.03.2026 Ungdomsråd

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt med 7 stemmer.

VUR - 002/26 Vedtak:

Skriva og meldingane vert tekne til orientering.

003/26 Orienteringssaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Orienteringssakene vert tekne til etterretning.

19.03.2026 Ungdomsråd

Behandling

Opplæring:

Ordførar Ole Johan Vierdal og kommunedirektør Halfdan Krohn-Brekke ønska medlemmene velkomne.

Dei orienterer om Vindafjord kommune, kva det vil seia å vera folkevald, korleis kommunen er organisert og kva oppgåver kommunen har.

Politisk sekretær Anne Mette Klungland gjekk gjennom reglementet til ungdomsrådet og praktisk informasjon.

Anne Sofie Sandvik, planleggjar i Vindafjord kommune, orienterte om arbeidet med nytt omsorgssenter i Vindafjord.

Ungdomsrådet fekk først ei kort forklaring på **kvifor kommunen treng eit nytt omsorgssenter**, og kva som skjer i prosessen akkurat no. Etterpå fekk medlemmane kome med innspel til **kvar det nye senteret bør ligge**.

Innspela dei gav, blir tatt med vidare i arbeidet. Når saka kjem opp igjen, blir den òg lagt fram i Ungdomsrådet.

Fleire i rådet har erfaring frå arbeid i dagens omsorgssenter, og dei kom med mange gode forslag. Her er punkta de tok opp:

- Det er viktig å fordele oppgåver smart. Nokon treng ikkje full helseutdanning for å bidra – dei kan likevel gjere mykje nytte i litt andre oppgåver, i mindre stilling eller som frivillig. **Rett person på rett plass.**
- Det er ein stor fordel om senteret ligg **nær Ølen vidaregåande**, slik at det blir lettare for ungdom å få deltidsjobb, praksis eller læreplass – og dermed kunne gå til jobb.
- Læringar må også ha praksis i demensomsorg, som i dag berre finst i Vats. **Dette er utfordrande slik det er no.**
- Det er allereie stort behov for plassar. Det er viktig at **det nye senteret får nok rom og kapasitet.**
- Kva skjer med bygga som ikkje skal brukast vidare? Det er viktig å ha ein god plan for dei.
- Vindafjord har mykje god dyrka jord, både i Ølen og Vats. **Det må takast omsyn til landbruket** når ein vel plassering.
- Kor skal heimetenesta ha base? Viss alle må køyre ut frå det nye senteret, kan det bli for langt for mange brukarar. Det er behov for **meir enn éin base.**
- Det nye omsorgssenteret bør ligge **sentralt.**
- Det er ein fordel om det ligg nær **legevakt**, ikkje berre vere tilknytta tilsynslege på senteret.
- Det er veldig viktig med **gode uteområde**. Gjerne turstiar som kan brukast av alle – også med rullestol.

VUR - 003/26 Vedtak:

Orienteringssakene vert tekne til etterretning.

004/26 Vindafjord ungdomsråd - Val av leiar og nestleiar for 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord ungdomsråd vil i møtet velja leiar og nestleiar for året 2026.

19.03.2026 Ungdomsråd

Behandling

Denne saka vart handsama som første sak i møtet.

Val av leiar for ungdomsrådet:

Det blei foreslått fire namn til kandidatar, Oscar Sawicki, Astrid Håvarstein Lothe, Georg Matre Helgevold og Jostein Solheim

Dei fekk desse stemmene:

Oscar Sawicki - 1 stemme

Astrid Håvarstein Lothe - 3 stemmer

Georg Matre Helgevold - 2 stemmer

Jostein Solheim - 1 stemme

Leiar for ungdomsrådet 2026 blei då Astrid Håvarstein Lothe

Val av nestleiar for ungdomsrådet:

Det blei foreslått to namn til kandidatar, Georg Matre Helgevold og Jostein Solheim

Dei fekk desse stemmene:

Georg Matre Helgevold - 5 stemmer

Jostein Solheim - 1 stemme

Nestleiar for ungdomsrådet 2026 blei då Georg Matre Helgevold

VUR - 004/26 Vedtak:

Leiar for ungdomsrådet 2026 er Astrid Håvarstein Lothe

Nestleiar for ungdomsrådet 2026 er Georg Matre Helgevold

005/26 Tilstandsrapport barnehage og skule 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Tilstandsrapporten for barnehage og skule 2025 vert teken til etterretning.

19.03.2026 Ungdomsråd

Behandling

Åse Markhus Berge, rådgjevar oppvekst, orienterte medlemmene om denne saka.

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt med 7 stemmer.

VUR - 005/26 Vedtak:

Tilstandsrapporten for barnehage og skule 2025 vert teken til etterretning.

006/26 Vindafjord ungdomsråd - Møteplan 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Ungdomsrådet vedtar fylgjande møteplan for 2026:

- torsdag 19.03.
- torsdag 04.06.
- torsdag 10.09.
- torsdag 19.11.

2. Den faste møtestaden er rådhuset.

3. Møtestart er kl. 16.00

19.03.2026 Ungdomsråd

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt med 7 stemmer.

VUR - 006/26 Vedtak:

1. Ungdomsrådet vedtar fylgjande møteplan for 2026:

- torsdag 19.03.
- torsdag 04.06.
- torsdag 10.09.
- torsdag 19.11.

2. Den faste møtestaden er rådhuset.

3. Møtestart er kl. 16.00

007/26 Vindafjord ungdomsråd - Årsmelding 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding for Vindafjord ungdomsråd 2025 vert godkjent slik den ligg føre.

19.03.2026 Ungdomsråd

Behandling

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt med 7 stemmer.

VUR - 007/26 Vedtak:

Årsmelding for Vindafjord ungdomsråd 2025 vert godkjent slik den ligg føre.